

Pynteparet.

15.05.2015



Dette var det kjekke synet som møtte musikklaget etter øving i kveld.

Musikklaget hadde siste øving og finpussa 17.mai-forma i kveld. Då dei var ferdige og kom ut frå skulen, var første synet som møtte dei Sella Hjørnevåg som låg på kne og ordna rundt buskane ved inngangspartiet til skulen mot sentrum. Like etter oppdaga vi også mannen Alf som var med og gjorde det ekstra fint til nasjonaldagen.

- Vi heldt på og fjelga på Stølen, og så har vi gått tur og sett at det trongst litt fjelging også her, forklarte Alf medan Sella forsette lukingsarbeidet. Fantastisk, tenkt eg, men eg var slett ikkje overraska. Vi uskedelingane har jo ikkje kunna unngå å leggja merke til den store innsatsen dette paret har gjort gjennom ein del år for at bygda vår skal ha eit fint sentrum.

Bygdefolket set stor pris på slike førebilete som pyntar så flott opp for fellesskapet!



Pensjonistekteparet har verkeleg bidrige til bygdefellesskapet etter at dei flytta til bygda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland